




# **KYRKJEBLAD**

## **FOR VAKSDAL PRESTEGJELD**

Nr. 7

Oktober/November 1977

31. årg.



## **Ny høgmesse**

Frå 1. søndag i Advent — 27. november  
— vert den nye høgmesseliturgien tatt  
i bruk i kyrkjelydane våre.

Den 13. november vil den nye litur-  
gien verta prøvd for fyrste gong hos  
oss. Det vert i Dale kyrkje kl. 17.00.  
Alle kyrkjelydane vert innbedne til orien-  
tering og samtale.

## Slik vert den nye høgmessa

Vert det mykje nytt i den nye gudstenesteordninga? Ikkje meir enn at vi kan kjenna oss att. Fornyinga kjem stort sett innanfor den kjente, kjære ramma.

Hovudlekkene i den nye høgmesseliturgen vert desse:

### 1 Bøn og lovsong

Den tidlegare «klokkarbøna» eller stille bøn fell burt. Etter eit preludium tek gudstenesta til med inngangssalme, og så seier presten:

— Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far og Herren Jesus Kristus.

Syndsvedkjenninga har berre små endringar, men noko nytt er det at kyrkjelyd og liturg seier ho fram saman.

Bøneropet, «Kyrie eleison», er det same som før.

Lovsongen fylgjer den nye bibelomsetjinga: «Og fred på jorda, hjå menneske som Gud har hugnad i». Og utan avbrot syng kyrkjelyden: «Vi lovar deg. Vi prisar deg. Vi tilbed deg. Vi opphøgjer deg».

Kollektbøn for dagen har som oftast ein ny ordlyd.

### II Forkynning av Guds ord

To bibeltekster vert lesne frå altaret eller frå ein lesepult i kordøra. Den tredje, preiketeksten, les ein frå preikestolen. Ein tek til med nye tekstrekker, og noko nytt er at ein kan få preiketekstar frå Det gamle testamente eller frå nytestamentlege skrift utanom evangelia.

Etter andre bibellesingen seier ein

fram truvedkjenninga, og det gjer prest og kyrkjelyd saman.

### III Kyrkjelydens forbøn

Kunngjeringar skal ein ikkje lesa frå preikestolen, men frå kordøra, og det er helst klokkaren eller ein annan lekmann som skal gjera det.

Forbøn, det ein tør kalla «kyrkjebøna», har fått ein heilt ny ordlyd, og ein kan velja mellom fire versjonar. Det er høve til å ta med aktuelle bønneemne i forbøna.

Kyrkjelydens takkoffer vert samla inn i kyrkjebenkane. Ved serskilte høve kan ein ha ofring på altaret.

Er det dåp, kan han koma etter ofringa.

### IV Samling om Herrens bord

Lovprising og Herrens innsetjingsord vil stort sett fylgje den tidlegare ordninga, men det er nokre endringar og ny musikk. Fadervår bed kyrkjelyd og liturg saman.

Etter Agnus Dei, «Du Guds lam», går nattverdgestane fram og kneler på altarringen.

Nattverdmåltidet går føre seg med dei same utdelingsorda som før.

### V Avslutning med velsigning

Velsigninga tek til med ein lovprising, der kyrkjelyden får høve til å syngja ut:

— Gud vere lova! Halleluja, halleluja, halleluja!

Gudstenesta vert avslutta med stille bøn og postludium.

## Voss Samvirkeleg

Avd. 14 — 5294 EIDSLANDET

Avd. 15 — 5296 EKSINGEDALEN

## KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstyrar: Magne O. Steinnes, 5270 Vaksdal.  
Medarbeidarar: Lars Bjørsvik, Johanne B. Helle og Magne Hesjedal.  
Kasserar: Ragnar Trohjell, 5297 Gammersvik.  
Postgiro 5 72 34 73. Bankgiro 3500.50.134.  
Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal.  
Bladpengar kr. 10,— for året.

Eksped.: Skaars Boktrykkeri,  
5601 Norhelmsund — tfn. 8.

## Kvifor bibelgruppe ?

Me treng meir enn tidligare å kjenna vår Bibel og hjelpa kvarandre på himmelvegen. Bibelgruppa kan her vera til betre hjelp enn ein trur av ulike grunnar. Lat oss sjå på nokre av del.

1. Det er ei rik velsigning saman å «oppdaga» nye sider ved Guds ord. Fleire ser alltid meir enn ein av tekstordet, og det å kunne *dele* dette med kvarandre er av stor verd.

2. Å vera *aktivt* med i ei samtale og ikkje berre ta imot har mykje for seg. Ein lærer å tenkje gjennom det ein vil seie, lærer å uttrykke seg, føler meir ansvar og det gjer ein større glede når ein får gje noko vidare.

3. Fellesskapen i ei mindre gruppe gjev *ansvarskjensle for kvarandre*, tryggleik og høve å søkja hjelp.

4. Bibelgruppa kan vera ei form for *leidartrening*. Det er lettare her enn i ei større samling å ta ansvar for leiding, opning o.s.b. Å ta fyrste steget kan ei bibelgruppe hjelpe ein med. På lengre sikt kunne dette og vera ein veg å gå for å verta meir sjølvhjelpete i andre samanhengar når det er vanskar med talar. Å lære seg til å tala om åndelege spursmål i ei gruppe vil

og gjera det lettare i kvardagen når slike ting skal gjerast greie for.

5. Eit konkret kristenansvar i kyrkjelyden vil alltid vera eit naturleg spørsmål i ei bibelgruppe: Kva er mitt ansvar? Korleis nå lenger ut med evangeliet? Det turvande med dei større samlingane i kyrkje og bedehus vil då vekkjast og gje fornya forståing skulle ein tru.

Til slutt vil eg streka under fire viktige bein ein bibelgruppe må stå på

1. Studie av kva *Bibelen* vil fortelja oss.
2. Finna ut kva dette har å seia for oss *idag*, for meg og mi kyrkjelyd. Kva konsekvensar det får for det daglege liv.
3. Bøna må ha ei sentral plass.
4. Det må vera plass for ein meir *uformell samtale* — gjerne saman med ein enkel servering. Dette hjelper godt på kontakten og andre kan vera viktig å trekkja inn.

Nå er aksjonsveke på Vaksdal og Dale over. Kulle ikkje ei bibelgruppe vera ein god fortsetjing.

M. S.

## DALE BILSERVICE

Johannes A. Lid & Co

Tlf. 2193 — Dalekvam

## Hausvik og Faugstad 1/2

Vaksdal

Telefon 3603.

## Sokneprest Bjørsvik 70 år

Den 28. oktober vart sokneprest Bjørsvik 70 og kyrkjebladet vil og koma med si gratulasjonshelsing sjølv om den kjem noko seint. I over 8 år har han no vore prest i Vaksdal og mykje har han rukke over på denne tida. Noka lett oppgåve kan det ikkje ha vore å koma til Noreg som prest etter eit heilt liv ute på misjonsmarka. Utruleg mykje må ein setta seg inn i, men aldri veik han attende for oppgåvene som kunne vera både mange og krevjande. Å gje seg heilt i den store tenesta er typisk. Mange heimmar er djupt takksam for den hjelp og medkjensle både i sorg og glede som han har fått møte kyrkjelyden med.

Bjørsvik har sagt seg viljug til å stå som sokneprest til ny prest er tilsett.

## Eit skjønt motiv

En bror stakk innom en dag. Han hadde fått det slik fra Gud, at han skulle hilse på oss gamle, og dele Ordet med oss. To gutter i førskolealderen fulgte far på gamlevisitten. De ble plasert side om side i bestefarstolen. Der satt de stille og andektige under samtalen. Selv satt jeg midt imot, så jeg kunne følge dem med oppmerksomhet.

«No skal me be til Jesus, «sa faren tilslutt. Helt momentant, uten nærmere beksjed, foldet de sine hender. De var innlevet med det fra hjemmet, at bønn til Jesus, og follede hender hørte sammen. For et motiv jeg så foran meg. Fire tindrende barneøyne, med hender foldet til bønn. Et motiv verdig en kunstnerånd med pensel og

palett. «Jeg ber ikke at du skal ta dem ut av verden, men at du må bevare dem fra det onde,» bad Jesus i sin ypperstprestlige bønn. Bønnens ånd fant utløsning i Lanstads salme:

«Herre bevar og velsigne din aker,  
plantet med ordets den himmelske sed  
La ikke stormen som over den drager,  
bryte den spire som ennå er sped.»

De kristne hjem hvor der brenner en alterild for den levende Gud, er et Gud-gitt bolverk mot hedenskapets natt, som siger innover landet idag.

Johanne B. Helle.

## Bladpengane

Innkomne bladpengar 1/5 — 15/9:  
Margit Kvamme, Stamnes kr. 120,—  
Elsa Fjæren, Vaksdal » 140,—  
Bladpengar, Dale » 30,—  
Bladpengar, Vaksdal » 100,—  
Bladpengar Stamnes » 330,—

Dei fleste har enno ikkje betalt for 1977. Bladpengane er kr. 10,— og dei kan sendast til Kyrkjeblad for Vaksdal, 5297 Gammersvik, postgiro nr. 5 72 34 73.

Kasseraren.

P.S.: Dale sokneråd har i denne utgåva av kyrkjebladet lagt inn ein blankett i alle blad som går til Dale og Stanghelle. Me vonar de vil nytta blanketten til å betala bladet. Du får årsaka om du allereide skulle ha ordna dette.

A. L. VATLE

DALE

Kjøtt, pølser og påleggsvarer

Frukt og grønnsaker

## I meisterens hand

Dette tankevekkjande diktet har me fått tilsendt med spørsmål om det kan nyttast. Det gjer med med glede. Kan hende er det fleire som har songar eller dikt dei har skrivne, som kan takast inn i bladet. Forfattarnamnet er utelatt då ho ikkje ynskjer det i bladet.

*I meisterens verkstad eg ein dag såg  
ein liten leirklump, ikkje noko fin, der låg.  
Den vil han nok kaste,» slik tenkte eg då,  
«den er ikkje noko å samle på».*

*Då kom meisteren inn og han såg  
leirklumpen som på golvet låg.  
Han bøyer seg ned, tek den varleg opp i si hand,  
hans auga ser, kva den brukast til kan.*

*Han vaskar den rein for sand og for stein  
der i si hand,  
omatt og omatt han dette gjer,  
medan han titt i leirklumpen skjer.*

*Endeleg hev han den fenge føyeleg, mjuk i si hand  
då fyrst på skiva han leggja den kan.  
Men ikkje på slump, nei i sentrum den må,  
elles vil karet skeivt verre stå.*

*Så dreier han skiva, alt medan han  
kring karet held med si vernande hand.  
Den må ikkje breste, så mangt kan skje her,  
og fáfengt då alt hans strev det er.*

*Så ber det i elden inn  
og styrken på gradene meistaren finn.  
Han veit kva det tåler, det vesle kar,  
han laga det har.*

*Då eldprøven tilende er  
for mitt auga eg ser:  
for meisteren eit tenleg kar  
som og hans merke bér.*

*A, Herre, min gud, å måtte eg læra  
lik leiret i meisterens hand å få vera,  
Og vart ikkje karet det praktfulle, store,  
gjev nåde, ein dag å få høyra det ordet:  
«Gå inn til mi glede, tru du hev vore».*

## Frå kyrkjebøkene

### DØYPTE:

#### VAKSDAL

Annelin Knutsen, fødd 5/8 1977, døypt 2. oktober 1977.

#### STAMNES:

Silje Stien, fødd 10/8 1977, døypt 25. september 1977.

#### BERGSDALEN

Olav Haga, fødd 10/5 1977, døypt 16. oktober 1977.

### VIGDE:

#### DALE

Bernhard Martin Solberg og Anne Karin Teigen, vigde 17. septbr. 1977.

Ole Knut Olsen og Sigrun Beate Døssland, vigde 1. oktbr. 1977 (Voss kyrkje).

### AVLIDNE:

#### DALE

Bertine Sellen, fødd 21/8 1891, døydd 9/9 1977, gravlagd 15/9 1977 frå Bruvik kyrkje.

Margareth Grøttå, fødd 25/2 1917, døydd 21/9 1977, gravlagd 26/9 1977.

Inge Henry Grøtting, fødd 26/5 1918, døydd 29/9 1977, gravlagd 6/10 1977.

#### BERGSDALEN:

Johan Lid, fødd 8/5 1894, døydd 19/9 1977, gravlagd 27/9 1977.

#### STAMNES

Guri Kvamme, fødd 29/9 1905, døydd 9/10 1977, gravlagd 15/10 1977.

#### VAKSDAL:

Malena Birgitta Tangen, fødd 12/1 1898, døydd 20/9 1977, gravlagd 28/9 1977.

## Opp mot himlen

Tone: Jesus Frelser los du meg.

*Oppmod himlen blikket vend  
og din hjelp og styrke hent.  
Hos din venn så tillitsfull,  
all din nød han vet jo om.  
Og når minst du aner her,  
kommer han og hilser fred.*

*Opp mot himlen blikket vend,  
selv når alle ting er stengt.  
Hvor du lengter og du ber,  
synes ei din bønn blir hørt.  
Og i håpløshetens natt,  
ingen trøste kan som han.*

*Opp mot himlen blikket vend,  
for du eier jo en venn,  
som ei glemmer her sin brud  
og en gang så får du bud.  
Sjelen da til vinger tar,  
aldri mer du sørge skal.*

M. N.

## Lyft korset

I samband med rådsmøtet i Børsa fekk eg høve til å gjesta nokre slektningar i Trondheim. Dei tok meg med på ein tur til Stikklestad. Der hadde eg ikkje vore før, så det var ei ny oppleving for meg. Då eg stod ved støtta der dei meiner Olav Haraldson den heilage fall, gjekk tankane langt tilbake i tida. Eg kom ihug dikteren sine ord der han skildrar Tore Hund, kong Olav og Tor Foleson. Men sterkaste inntrykket på meg gjorde statua av kong Olav der han kjem ridande austfrå lyftande gullkorset med høgrehanda.

Dette vart ei påminning til meg.

Alle truande må lyfta korset. Ikkje minst gjeld dette oss iorkynnara. «For oraet om korset er vel dårskap for dei som vert iortapte, men for oss som vert irelste er det ei Guds kraft. Oraet om korset kan ikkje erstattast med eit iornuttigt sosialt evangellum. «For det var Guds vilje ved dårskapen i denne iorkynninga å irelsa dei som trur. For jøane krev teikn, og grekarane søkjer visdom, men vi iorkynnar Kristus korstest».

*«Og liksom Moses lyfte opp ormen i øyaemarka, såleis lyt menneskesonen lyftast opp, så kvar den som trur på han skal ha evigt liv. Johs. 3,14-15.*

Olav Helle

## Søkjarar

Sokneprest Bertel Olai Botnevik i Jevnaker og res. kap. Magne Olav Steinnes i Vaksdal er søkjarar til soknepreststillinga i Vaksdal.

## Julenummeret

Stoff til neste kyrkjeblad lyt ein ha før 20. november.

## Velkomen til Kyrkja

Helgemesse-sundag, 6. november:

Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Avskilsgudsteneste for Bjørsvik. 50 års konfirmantane serleg innbodne.

Nesheim kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Nattverd. Soknerådsvale etter gudstenesta.

23. søndag etter Triaening, 13. november:: Dale kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Offer til Dale Indremisjon. Avskilsgudsteneste for Bjørsvik.

«Ransak meg, Gud, og kjenn mine tankar, og sjå om eg er på den vonde vegen, og lei meg på ævevegen.»

Salme 139:23-24

Eidsland kapell kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Nattverd. Soknerådsvale etter gudstenesta. Offer til kyrkjesalen.

Dale kyrkje kl. 17.00. Sokneprest Bjørsvik og res. kap. Steinnes. Fellesgudsteneste. Den nye høgmessa.

24. søndag etter Triaening, 20. november: Stamnes kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd. Soknerådsvale etter gudstenesta. Bergsdalen kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Nattverd. Soknerådsvale etter gudstenesta.

1. søndag i Advent, 27. november:

Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Nattverd. Soknerådsvale etter gudstenesta. Flatekval kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Offer til Norsk Lærarakademi. Soknerådsvale etter gudstenesta.

2. søndag i Advent, 4. desember:

Dale kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Nattverd.

Nesheim kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Offer til Menighetsfakultetet.

3. søndag i Advent, 11. desember:

Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Eidsland kapell kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Offer til soknerådet. Julekonsert.

Sjå og kunngjering i lokalblada.

## Dale Fabrikksalg

5280 Dalekvam  
Telefon Dalekvam 2261

Tekstilvarer — Sengetøy  
Bomull og ull metervarer  
Strikke- jakker og gensere

**Ekspedisjonstider ved  
våre kontor:**

DALE, telefon 2421	Frå	Til
Måndag, tysdag,		
onsdag og fredag	8.30	15.00
Torsdag . . . . .	10.00	17.30

VAKSDAL, telefon 3605		
Tysdag og fredag	8.30	15.00
Torsdag . . . . .	10.00	17.00

STAMNES, telefon 8015		
Måndag . . . . .	9.30	14.00

**Bruvik Sparebank**

*Vaksdal, Dalekvam, Stamneshella*

**Stamnes Handelslag  
STAMNESHELLA**

**Dale Handelsforening  
Dalekvam**

**TOMAS UTSKOTTIS  
SKOFORRETNING**

**Dalekvam**

**RADIOSPECIALEN  $\frac{1}{2}$**

Tlf. 2240 DALKEVAM

**RADIO - TV**

Reparasjonsverkstad

**BØKER — PAPIR — BIBLAR  
SALMEBØKER- SANGBØKER**

**EIDE & PETERSEN  $\frac{1}{2}$**

Tfn. 2258 DALEKVAM

**K. SEIM**

*Kolonial & Delikatesse*

Tlf. 2323 DALEKVAM

**BRUVIK HANDESLAG**

*Ass. Landhandel og Bakeri*

FILIAL SKAFTA

**Arth. og Arne Vaksdal  
HANDEL**

Tlf. Dalekvam 2348 — 2161  
Stanghelle — Vaksdal — Dale

**Vaksdal koop. Handelslag**

**VAKSDAL**

Telefon ; Kontor 3712. Snarkjøp 3710.

**Kjøp i Dykkar eigen forretning**